

## **Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland**

### **Referat**

- Møtetid:** Fredag 24.mai 2019, kl 11:30 -14:30
- Til stades:** Tord Moltumyr (Meland), Geir Lien(HB), Grete Herøy (Radøy), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Petter Thornam (HDS), Heinz Diehl (Fedje), Kjerstin Fyllingen (HDS), Terese Folgerø (Lindås), Malin Daae Steine (Masfjorden), Liv Berit Haukås(Fagforbundet), Eva Karin Skorpen (NSF), Randi-Luise Møgster(HB), Jorund Stellberg (Brukarutvalet HDS), Bente Orlen Westervik (Brukarutvalet HB), Frøydis Gullbrå(Modalen), Grete Lill Hjartnes (SSE) og Anne Hildegunn Færøy (SSE)
- Ikkje møtt:** Åse Nordstrønen(HDS), Per-Arne Mehren (Brukerutv. HDS) Peter Kubon (Austrheim), Ingebjørg Søreide(Gulen),
- Møteleiar:** Tord Moltumyr
- Referent:** Anne Hildegunn Færøy
- Stad:** Møterom Regionrådet Nordhordland

Nr	Saksliste
15/19	<p><b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Innkalling og saksliste godkjent utan merknader</p>
16/19	<p><b>Godkjenning av referat frå møte 22.februar 2019</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Referat frå møte 22.februar 2019 godkjent utan merknader</p>
17/19	<p><b>Handlingsplan for 2019</b></p> <p>Gjennomgang av Handlingsplan med status for oppfølging av tiltakspunkta som ikkje vart handsama som eigne saker i møte:</p> <p><u>Revisjon av særavtale om samarbeid ved pandemiske hendingar.</u> Oppfølging av tiltakspunkt med planlegging av felles øving har starta. Det er etablert kontakt med fylkesmannen for bistand i planlegging og gjennomføring. Etter planen skal tiltaket vere gjennomført i 2019, men med bakgrunn i at Fylkesmannens beredskapsavdeling har planlagt øvingar med kommunane for 2019 er det avtala at ein nyttar hausten til planlegging, og at øvinga vert gjennomført første halvår 2020. Sak med framlegg til organisering og vidare planlegging vert lagt fram for utvalet i september.</p> <p><u>Revisjon av tjenesteavtale 8 om svangerskap-, fødsel- og barselomsorg, og tilhørende rutine og særavtaler</u> Arbeidet er starta i form av eit forløpsprosjekt mellom Helse Bergen og Bergen kommune. Tilsvarende forløpsarbeid vert vurdert for andre kommunar. Kommunane i Nordhordland er velkomne til å ta kontakt for vidare dialog og vurdering av forløp</p> <p><u>Revisjon av særavtale for samarbeid om utlysing og tilsetting i kopla turnuslekestillingar (LIS 1 i ny avtale)</u> Avtalen har vore til gjennomgang og godkjenning i alle samarbeidsutval. Helse Bergen sender avtalen til kommunane for signering innan kort tid. Kommunar som ikkje tar del i denne avtalen vil få den tilsendt til orientering og med informasjon om at dei kan ta del i ordninga på eit seinare tidspunkt.</p> <p><u>Utarbeida særavtale for samarbeid om utdanningsløp for ALIS, og eventuelt også for LIS 2 og 3 i den grad det er aktuelt</u> Arbeidet med særavtale for samarbeid om utdanningsløp for ALIS har starta. Det må vurderast om det er behov for eigen avtale for LIS 3.</p> <p><u>Gjennomgå avtaleverket mtp. behov for revisjon</u> Fleire kommunar i føretaksområdet skal slå seg saman. Det må vurderast kva konsekvensar det kan ha for avtaleverket. Det er planlagt at dette arbeidet startar til hausten.</p> <p><u>Utvikla «Felles Utviklingsplan», innanfor ramma av gjennomføring av nasjonal pilot for samhandling</u> Prosjektgruppa er i dialog med KS. KS har gjeve klarsignal for at det kan tilsettast ein prosjekteiar i 50% stilling for å driva prosessen framover. Prosjektgruppa vil sjølv tilsetta denne personen.</p> <p><u>Prosjekt pasientens legemiddelliste (FIA). Arbeide for at kommunar og sjukehus i føretaksområde skal bli nasjonal pilot</u> Tiltaket er under arbeid. HDS har involvert PKOar og KS i arbeidet. Det har vore dialog med Direktoratet for e-helse, der prosjektet har blitt stoppa. HDS vil ta kontakt med HOD og be om eit møte for å komme vidare i arbeidet.</p> <p><u>Utarbeida retningslinjer for lege til lege samarbeid</u> Under arbeid i Medisinsk fagleg utval. Det er viktig at retningslinene vert godt forankra hos partane, særleg i fagmiljøa.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland tar orienteringa til vitande.</p>

18/19	<p><b>Arbeid med implementering av retningslinjer - kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helsevern og rus</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- gjennomgang av status for implementering av rutinane i kommunar og sjukehus. Erfaringar og utfordringar</li> </ul> <p>Det er ulike svarfristar for kommunane innan somatiske tenester og psykiatrien når det gjeld melding om utskrivingsklare pasientar. På bakgrunn av dette er det behov for nokre avklaringar som innleiring til denne saka. Helse Bergen orienterte munnleg om dette i møtet og det er i etterkant send ut ei skriftleg orientering som er lagt ved referatet i e-post.</p> <p>Det er semje om at samarbeidet rundt desse pasientane i stor grad er godt. Kommunane ber om at dersom situasjonen endrar seg, og talet på utskrivingsklare innan psykisk helsevern og TSB aukar for NH kommunane så blir dette meldt inn som sak til gjennomgang og drøfting i SU.</p> <p>Avd. psykisk helse og rus i Meland kommune opplever at dei ikkje alltid blir orientert når pasientar vert innlagt i sjukehus. Dette er ikkje i tråd med samarbeidsavtalen, og kommunen ber om at dette blir fylgt opp internt i Helse Bergen.</p> <p><b>Merknader/innspel/vedtak:</b></p> <p>Det er semje om at god dialog mellom sjukehus og kommunar er av største betydning når det gjeld utskrivingsklare pasientar. Eit godt forarbeid er viktig før pasienten vert vurdert som utskrivingsklar. Det vart peika på at samarbeidet stort sett har fungert godt og det er eit felles ønske om å oppretthalde dette.</p> <p>Helse Bergen startar opp med månadleg fakturering i juni 2019. Kommunane har ingen motsegn til dette.</p>
19/19	<p><b>Felles opplæringsprogram for oppfølging av tenesteavtale 3 – 5</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kompetanseheving og erfaringsutveksling med hensyn til utskrivningsklare pasienter</li> </ul> <p>I Handlingsplanen 2019 er kommunar og sjukehus samde om at det i 2019 skal utarbeidast eit felles opplæringsprogram for å spreie bevisstheit, kunnskap og kompetanse omkring vurderingar når ein pasient er utskrivingsklar frå spesialisthelsetenesta. Det er tilrådd at det vert sett ned ei arbeidsgruppe som får i oppgåve å utarbeida forslag til eit generisk opplæringsprogram for å sikra gode og trygge overgangar når ein pasient er utskrivingsklar. Arbeidsgruppa skal vera samansett av representantar frå kommunane og spesialisthelsetenesta, med kompetanse både frå legetenesta og pleie og omsorgstenesta.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland gjev si tilslutning til at det vert sett ned ei arbeidsgruppe slik det er skissert i saka. Representant i arbeidsgruppa frå kommunane i SU Nordhordland:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kari Hesjedal, avdelingsleiar ved Forvaltningskontoret for helse og omsorg - Lindås kommune (fast)</li> <li>• Terese Folgerø, kommuneoverlege – Lindås kommune (vara)</li> </ul>
20/19	<p><b>Felles nettside - saman.no over på ny plattform</b></p> <p>Grete Lill Hjartnes orienterte om status for arbeidet på vegne av SSE:</p> <p>Målsettinga er at nettsida skal vera klar til bruk innan januar 2020. For å nå målet må det pårekna ein del arbeid der SSE må bidra;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Teknisk oppsett (gjort av Direktorat for e-helse og Norsk Helsenett)</li> <li>• Redaksjonelt oppsett av ny løysing med menyar og funksjonar</li> <li>• Flytting av innhald frå gammal nettstad til ny nettstad</li> <li>• Flytting av adressa frå saman.no til å peika mot den nye nettstaden når alt er klart</li> <li>• Forvaltning av innhaldet når den nye nettstaden er lansert.</li> </ul> <p>Ein reknar med at dette arbeidet kan starta rett over sommaren. Helse Bergen vil stå som eigar av løysinga mot driftsmiljøet, og melder at kostnader med dette vil fordelast mellom kommunane og sjukhusa etter avtala fordelingsnøkkelen.</p> <p>Brukarrepresentant peika på at det er viktig å sikra at nettsida må ha universell utforming.</p> <p>SSE tek innspela med seg i vidare arbeid og kjem med ny orientering omkring nettsida hausten 2019.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tar saka til orientering.</p>
21/19	<p><b>Legemiddelmangel - orientering om nasjonalt arbeid</b></p> <p>Tord Molsumyr orienterte frå arbeidet i Nasjonal legemiddelberedskapskomisjon og utarbeiding av rapport «<i>Nasjonal legemiddelberedskap – Svakheter og tiltak</i>». Presentasjon er lagt ved i e-post.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tar saka til orientering</p>

22/19	<p><b>Orientering frå partane</b></p> <p><b>Kommunane:</b></p> <p><b>Region Nordhordland Helsehus</b> - Prosjektet er i rute og betongarbeidet har starta. Leigetakarane er involvert i detaljprosjekteringen og bidrar godt i prosessen. Den siste tida har det gått med mykje tid til å svara ut Arbeidstilsynet sine innspel og krav til søknad om igangsetjingsløye(IG) for vidare byggearbeid. Alle leigetakarar har vore involvert i dette arbeidet saman med representantar for byggherre. Målet er at dette ikkje skal medføra forseinkinger i byggjeprosessen.</p> <p>For å starta arbeidet med fag og tenesteutvikling knytt til Helsehusprosjektet vert det kalla inn til eit førebuande oppstartsmøte med Lindås kommune og Helse Bergen. Dei andre kommunane i regionen, HDS og andre aktuelle samarbeidspartar vert invitert med etter dette.</p> <p><b>Helse Bergen:</b></p> <p>Orientering om «<b>Vel heim</b>», eit forprosjekt i regi av Helse Vest RHF, under porteføljen «Alle møter».</p> <p>Prosjektet omhandlar utskrivningsprosessen og tar utgangspunkt i høg grad av re-innleggingar i sjukehusa.</p> <p>Helse Bergen og Haraldsplass har kvar for seg fått i oppdrag å finna ein communal representant som kan delta i prosjektet. I tillegg vert det vurdert å etablera ei referanse-/arbeidsgruppe i Helse Bergen der kommunane blir invitert med.</p> <p>I etterkant av møte er det avklara at Helse Vest ønskjer <u>ein</u> communal representant som representerer alle kommunane i Helse Bergen sitt opptaksområde. Kommunane har fått tilsendt invitasjon om deltaking i dette arbeidet (e-post sendt ut 2.juni 2019 frå Grete Lill Hjartnes).</p> <p><b>HDS:</b></p> <p><b>Ny samhandlingssjef</b> Rebekka Ljosland, tidlegare helsebyråd i Bergen kommune er tilsett i stillinga.</p>
23/19	<p><b>Referat frå råd og underutval.</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Underutval for akuttmedisinsk beredskap i NH(UFABNH), 27.11.18.</li><li>- Medisinsk fageleg utval(MFU), 27.03.2019</li></ul> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tar referata til orientering.</p>
24/19	<p><b>Læring på tvers</b></p> <p>Elisabeth Mjøs, avdelingsleiar HDS orienterte om erfaringar ved bruk av <i>forbetringstavler</i> på Haraldsplass. Presentasjon er vedlagt i e-post.</p> <p>Utvalet takka for presentasjonen og melde tilbake at dette var nyttig informasjon, og at metodikken og verktøyet kan vere nyttig å ta i bruk i kommunen, kanskje særleg ved sjukeheimane. Repr. frå HDS viste til at kommunane er velkommen til å ta kontakt for å få meir informasjon om tiltaket.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>
25/19	<p><b>LKT-prosjektet</b></p> <p>Anne Kvalheim, prosjektleiar presenterte ei løypemelding frå LKT prosjektet med orientering om;</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- revidert milepæls- og fremdriftsplan</li><li>- rammeverk</li><li>- forvaltning av vedtatt medfinansiering</li></ul> <p>Presentasjon er vedlagt.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa</p>
25/19	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Møteleiar gav ei kort orientering om at nestleiar i samarbeidsutvalet for NH er langtidssjukemeldt og at det derfor må veljast ein nestleiar i henna fråvær.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Grete Herøy, Radøy kommune er konstituert nestleiar for SU NH inntil vidare.</p>